



Arkitektgruppen Cubus ved Ola Siverts

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 15/20515

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

29.05.2015

Oppfølging av merknad til områdeplan for Knarvik sentrum - førespurnad om møte

Vi viser til merknad frå Knarvik senter til områdeplan for Knarvik sentrum i samband med tredje gongs offentleg ettersyn. I merknaden ber de om møte med plannemnda for å følgje opp merknadene og få dei innarbeidd i slutthandsaminga av planen. Vidare ber de om at det vert etablert eit tett samarbeid med kommunen om strakstiltaka som skissert i merknadsbrevet, og ei avklaring av tiltak som kan gjennomførast utan ny plan.

Styringsgruppa vurderte i møte den 26. mai førespurnaden om oppfølgingsmøte med Knarvik senter og konsulent. Ein er no inne i siste fase av planarbeidet. Planframlegget vart lagt til tredje gongs offentleg ettersyn i hovudsak med bakgrunn i endringar i føresegna om rekkefølgje. Dette var og tydeleggjort då planen vart lagt til offentleg ettersyn. Styringsgruppa har vurdert innspela som er kome inn, og gjort justeringar. Plan- og miljøutvalet vil den 10. juni ta stilling til planframlegget, inklusiv merknader som er kome inn i den siste høyringa, og gje innstilling til Kommunestyret som handsamar saka i møte den 18. juni. Med bakgrunn i dette er eit samrøystes utvalg sams om at det ikkje er rom for å halde møte med Knarvik senter no.

Vi ser fram til eit samarbeid med Knarvik senter om detaljplanarbeidet når områdeplanen er vedteken.

Med helsing

Jan-Erik Hope (s)

Leiar av styringsgruppa for områdeplan Knarvik sentrum

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kopi til:
Plan- og miljøutvalet

Mottakarar:

Arkitektgruppen Cubus ved Ola Siverts

Knarvik senter ved Olav Kåre Vatnøy